



VINDAFJORD KOMMUNE

Skjold barnehage

Årsplan 2024-2025



Logo laga av Janne Vierdal 2024

«Vera saman og bli sett»

God respons- Blikkontakt- Bevisst kroppsspråk

Innhold:

Kontakt oss	s.2
Innleiing	s.3
Satsingsområde	s.5
Visjon og mål for Skjold barnehage	s.6
Samarbeid	s.7
Føremål og verdigrunnlag	s.8
Vurdering, observasjon og dokumentasjon	s.10
Planlegging og medverknad	s.11
Tradisjonar og årshjul	s.12
Innhold i barnehagen	s.14
Overgang barnehage- skule	s.16

Kontakt oss

Styrrar: Vibecke Gundersen (konstituert) tlf: 53 65 58 73/922 50 252

vibecke.gundersen1@vindafjord.kommune.no

Adresse: Vikanesvegen 18, 5574 SKJOLD

Fagleiar: Linn Sæbø (konstituert) tlf: 53 65 58 70/ 924 24 416

linn.saebo@vindafjord.kommune.no

KONTAKT AVDELINGANE

Rødhette	458 30 293
Askeladden	458 30 295
Bukkene Bruse	458 30 294
Solsikke	974 60 950
Marihøna	948 49 192
Sommarfugl	458 32 197
Kvitveis	482 85 815
Gullhår	908 75 046

Innleiing

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet. Det er eit informasjonsdokument til dykk foreldre og andre ulike samarbeidspartnarar som kommunen, PP – tenesta, barnevern og framtidige brukarar. Årsplanen dokumenterer det pedagogiske arbeidet i barnehagen og skal legge grunnlaget for utvikling og kvalitetssikring av barnehagen. Årsplanen blir kvart år vedtatt av barnehagen sitt samarbeidsutval. Det er barnehagen sin styrar/fagleiar som har ansvaret for det faglege innhaldet i årsplanen.

Årsplanen er barnehagens overordna pedagogiske dokument. Den byggjer på « lov om barnehagar» og «rammeplanen», det er dei to dokumenta som utgjer barnehagens samfunnsmandat. Rammeplanen gir og retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Barnehagens innhald er basert på eit heilskapeleg læringssyn, der omsorg og leik, læring og danning står saman.

Styringsdokument som ligg til grunn for drift av barnehagane og som barnehagane byggjer sine planar på, er:

- Barnehagelova (Lov av 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar)
<http://www.lovdatab.no/all/nl-20050617-064.html>
- Rammeplanen 2017 (Forskrift til barnehagelova)
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>
- Vedtekter for barnehagane i Vindafjord kommune (2017)



Skjold barnehage

Velkomen til Skjold barnehage

Skjold barnehage er ein kommunal barnehage med 8 avdelingar. Den ligg fint til på Vikaneset, med eit stort og naturrikt uteområde.

Me brukar nærmiljøet til turar og aktivitetar, og det er kort veg til både sjø og skog.

Barnehageåret er f.o.m. 15.aug. 2024 t.o.m. 14.aug. 2025, open frå kl. 06.45 – 16.30 heile året, unnateke veke 29 og 30, då er det sommarstengt.

Barna skal i løpet av året ha **fire** ferieveker, og tre av desse må takast samanhengande mellom **15.juni og 15.august**. Barnehagen skal ha tilbakemelding på barnets sommarferie innan 1.mai. Barnehagen har fem planleggingsdagar i året. Desse dagane held barnehagen stengt.



Satsingsområde

Barnehagebasert kompetanseutvikling er ei kompetanseutvikling for heile personalet. Store endringar i barnehagesektoren har ført til eit større behov for å auka kompetansen i barnehagane. Skjold barnehage skal jobba med «Eit inkluderande miljø for omsorg, leik , læring og danning», med eit «skarpt blikk» på førebygge, avdekke, stoppe og følgja opp mobbing og utestenging (jf. §41-43). Denne lova skal sikre at barna oppleve barnehagen som ein trygg og god stad å vera.

Me vaksne er nøkkelen i all arbeid i barnehagen, derfor har me «snudd spegelen» mot oss sjølv, og har fokus på vaksenrolla. Til hausten skal heile barnehagen ha ekstra fokus på uteleiken, og me vil gjer oss nytte av kunnskapen frå *Vera Saman* –prosjektet og ekstern vurdering (haust 2023), og bruke det som ei rettesnor i det vidare arbeidet. Me har m.a. fokus på varme og grensesetjande vaksne, utvikling av empati og sosial kompetanse.

Regional kompetanseutvikling

Barnehagen er og med på ei regional kompetanseutvikling, som vert driven av Høgskulen på Vestlandet. Me jobbar systematisk med utviklingsarbeidet, og tilbakemeldingar me fekk då me hadde ekstern vurdering.

Ny visjon hausten 2025: Me i Skjold barnehage vil ha fokus på å jobbe med ein ny visjon. Dette er arbeid som tek tid, for at me skal få ei felles forståing for vår nye visjon. Å gjer barna robuste nok til å tole livet, er kanskje ei av dei viktigaste oppgåvene våre. I følge forskar Cecilie Evertsen handlar det å være robust eller motstandsdyktig, om kapasitet til å handtera litt av livets motvind. - Eigentleg handlar det kort sagt om kunsten å leve. Motstandsdyktighet er dynamisk og ikkje noko som er medfødt, seier ho. Så vår nye visjon vil være om robuste barn.

Dette arbeidet vil me fortsette med dette barnehageåret, og jobbe fram ein ny visjon frå hausten 2025, som er i tråd med utviklingsarbeidet vårt.



VISJON OG MÅL FOR SKJOLD BARNEHAGE

Me jobbar etter desse kjerneelementa: Autoritative vaksne, Kommunikasjon og perspektivtaking
Tidleg innsats * Handtering av utfordrande åtferd * Organisasjonsutvikling, innovasjon og implementering.

Mål for Skjold barnehage: «Me er varme og tydelege vaksne for barna, og me set grenser på ein varm og god måte». Dette målet skal visa igjen i vår visjon:

«Vera saman og bli sett»

God respons- Blikkontakt- Bevisst kroppsspråk

Vera saman: Alle tilsette gjer sitt for at barna skal få oppleva tryggleik og god omsorg. Alle får vera med i leike- og aktivitetsgrupper.

Bli sett: Vaksne har fokus på barna. Barna har rett til å påverka sin kvardag. Alle tilsette skal sjå og spegla kvart enkelt barn. Barna får god respons, der vaksne forklarar, undrar seg i saman med borna og spør. Dei får blikkontakt og blir møtt med anerkjenning og respekt. Alle tilsette er bevisst på eige kroppsspråk, og me *forskar* i kvart barn sitt kroppsspråk for å finne ut korleis dei har det, og deira ynskjer.

Vaksne er varme og tydelege vaksne: Me set grenser på ein varm og god måte, og jobbar etter *den autoritative* modellen. Det er viktig å skapa gode relasjonar for å kunna være ein tydeleg vaksen, som set grenser for barna.

Det aller viktigaste for oss i Skjold barnehage, er at alle barn skal bli møtt med god omsorg, bli sett og høyrte, forstått og respektert. Barna skal bli trygge i barnehagen. Tilsette skal hjelpe barna i å utvikla empati og glede over å kunna hjelpe og ta del.

Leik legg grunnlag for vennskap og utvikling av språk og sosial kompetanse. Me har fokus på at alle skal få bli med i **leiken**, og at nokre barn treng å lære leikestrategiar.

Læring og danning: Barna må få oppleva progresjon i innhaldet i barnehagen, meistring og medverknad. Tilsette skal hjelpe barna i å få eit godt sjølvbilette. Barna skal få erfare og bruka kroppen, og i læreprosessane. Det er viktig å få prøva sjølv! Dei skal få erfaring med ulike og allsidige arbeidsmåtar. Markera høgtider og tradisjonar. Øva dagleg på vanleg «folkeskikk». Barnehagen er ein god arena for barn å tileigna seg **sosial kompetanse**, og det er ofte tema hjå oss: vennskap, kunna venta på tur og dela, visa empati, sjølvhevdning og sjølvkontroll. Barna treng hjelp til å forstå verda rundt seg, og til å bli kjende med følelsar hjå seg og andre.

Språk har me stort fokus på. Samtalen er viktig, og gir god stimuli til tanken. Me nyttar kvardagen til språktrening, og me har ein del verktøy me kan nytta oss av. Bl.a. brukar me ofte konkreter i samling og når me fortel eventyr. Skriftspråket får barna møta ved at me brukar namnelappar, heng opp bokstavar og andre symbol, merkar leikekassar m.m.

Uteliv: Alle barna får vera ute året rundt. Me har eit kjekt uteområde å leika på. Me går ofte tur også, særleg dei eldste, for å bli glade i naturen og nærmiljøet, lengre turar etter kvart.



Nærmiljø og samfunn: Barn som startar i barnehagen må først bli kjende med det nære: sin avdeling og rutinane der, barnehagen og uteområdet. Me har fokus på at gutar og jenter skal få det same tilbodet og moglegheit, og at kvart barn skal bli sett og høyrd, og få oppleva medverknad i kvardagen.



På tur til Haukaberget



På tur til Smedsvik gård.

SAMARBEID

Foreldresamarbeidet: Foreldra er vår viktigaste samarbeidspartnarar. Det er deira barn me skal ta vare på.

Lov om barnehagar seier: «Barnehagen skal gje barnet gode utviklings - og aktivitetsmuligheiter i nær forståing, og samarbeid med barnas heim» Foreldra skal vera trygge på at barna får god omsorg, at den enkelte blir sett og respektert, og at alle får ta del i eit fellesskap som gjer dei godt.

Dersom de foreldre opplever og melder frå om at barnet ditt ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, er me plikta til å undersøkje dette (jmf. §41-43; psykososialt barnehagemiljø).

Som føresettt får du tilgang til [MyKid](#). Du loggar deg på med mobilnr, og skriv «glemt passord» **ved første** gongs innlogging. Det er her me gir informasjon via e-post/ SMS/ nyheitsbrev/ månadsplan, fotodeling, oppslagstavle, dagen min m.m.

Me brukar MyKid til registrering av oppmøte, teljelister og sovelister.

Vindafjord kommune har vedtatt ein digital samhandlingsmodell, **BTI** (Betre tverrfagleg innsats), som skal hjelpa oss å førebyggja og avdekka vanskar tidleg. I kommunikasjonen mellom barnehagen og foreldra, blir det då brukt ein elektronisk **stafettlogg** som eit viktig samhandlingsverktøy. Stafettloggen set barnet si utvikling og foreldra si medverknad i sentrum. Foreldre må samtykke til at det vert oppretta stafettlogg ved behov. Dersom ein som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider i barnehagen, krenker eit barn med til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering eller trakassering, skal vedkommande straks melde frå til barnehagestyrar. Styraren skal melde frå til barnehageeigaren. Formålet med aktivitetsplikten er å sikre at barnehagen handlar raskt og rett når ein eller fleire barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen. Aktivitetsplikten vert utløyst når ein eller fleire barn ikkje opplever at barnehagemiljøet er trygt og godt.

Foreldresamarbeidet skjer gjennom:

- dagleg kontakt ved levering og henting.
- foreldresamtalar og foreldremøte.
- foreldreråd og samarbeidsutval.
- Aktivitetsplan.
- Vindafjord kommune brukar digital stafettlogg. Stafettloggen skal bidra til betre tverrfagleg innsats i kommunen. Stafettloggen set barnet si utvikling og foreldra si medverknad i sentrum. Foreldre må samtykke til at det vert oppretta stafettlogg ved behov.

Andre samarbeidspartar:

- PPT, samarbeid og rettleiing til foreldre og personalet.
- Spesialpedagogane.
- BTI – tverrfagleg samarbeid.
- Skulen: samarbeid ved overgang.
- Kyrkja: før jul, påskevandring før påske.
- Fysioterapeut, helsestasjon, logoped.
- Barnevern tenesta
- Barne- og familierettleiar og psykisk helseteam for barn og unge i kommunen
- Utdanningsinstitusjonar, studentar i praksis.
- BUP- barne- og ungdomspsykiatrisk avd. i Haugesund

Føremål og verdigrunnlag

Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse (*Barnehagelova*)

Barnehagen sitt verdigrunnlag

Barnehagen byggjer arbeidet på følgjande grunnleggjande verdiar: *felleskap, omsorg og medansvar*. Me skal her representera eit miljø som byggjer opp respekt for menneskeverd og retten til å vera ulike.

Likestilling mellom kjønna skal visast igjen i barnehagens pedagogikk. Personalet i barnehagen skal reflektera over eigne haldningar og samfunnets forventningar til gutar og jenter, slik at ein kan oppdra barn til å møte og skapa eit likestilt samfunn.

Personalet har som rollemodellar eit særleg ansvar for at barnehagens verdigrunnlag blir etterlevd i praksis. Refleksjonar over eigne verdiar og haldningar bør difor gå inn i personalet sine pedagogiske drøftingar.



Vurdering, observasjon og dokumentasjon

Barnehagen er ein lærande organisasjon, som har rutinar og metodar for å sikra at ein heile tida lærer av eigen praksis. Barnehagen er regulert ut ifrå Kap 8 i barnehagelova- *Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (Aktivitetsplikt)*. Slik kan me skapa fornying og betring av eigen praksis.

Me skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Me har *løpende* vurdering, og systematisk vurdering. *Løpende* vurdering er vurderingar og observasjonar me gjer heile tida, i det daglege. Systematisk vurdering brukar me og, men dette er og eit av områda me skal jobbe meir med. Gjennom utviklingsarbeidet skal me ha enno meir fokus på systematisk vurdering. Her vil personalet bruke verktøy som pedagogisk analyse og film av enkelte situasjonar, og bruke materialet etterpå til refleksjon og forbetring av vår eigen praksis. Foreldreundersøking og medarbeiderundersøking ligg og til grunn i utviklingsarbeidet vårt.

Felles refleksjon og drøfting gir utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Me spør oss: Kva fungerte og kva fungerte ikkje? Kvifor? Kva kan gjerast betre? Barn vurderer med å visa sitt engasjement. Dei eldste barna kan i tillegg inviterast til barnesamtalar.



Modell av pedagogisk analyse

Me observerer barna fortløpande, både trivselen og den allsidige utviklinga, for å kunna leggja gode planar tilpassa gruppa, og for å sørge for progresjon for det enkelte barnet.

Dokumentasjon synleggjer korleis me arbeider for å oppfylle krava i Lov og rammeplan. Me skriv månadsplanar og legg ut foto på MyKid, og me heng opp bilete og produkt. Me nyttar *Tras* (Tidleg registrering av språk) og *Alle med* (viser barns utvikling på ulike område, språk og sosialt) og *Begrepsforståelse* som dokumentasjon på barn si læring og utvikling. Eit etisk perspektiv må leggjast til grunn når me dokumenterer. Dersom me har tett oppfølging av eit barn for å gi eit tilrettelagt tilbud eller prøva ut tiltak, skal dette dokumenterast.

Planlegging og medverknad

Styrar har ansvar for Årsplanen. Pedagogisk arbeid skal vera i tråd med lov og rammeplan. Pedagogisk leiar skal planleggja, gjennomføra, dokumentera, vurdere og utvikla arbeidet på sin avdeling. Personalet er delaktige i arbeidet gjennom personalmøter.

Foreldre er velkomne til å koma med ynskjer og tips. Dei kan kontakta oss direkte, eller gjennom Foreldrerepresentantane og SU.

Barna har rett til medverknad. Dei får støtte til å uttrykkje seg, og slik kunne ha ein påverknad i sin eigen kvardag. Me tek omsyn til innspel frå barna, kva interesser dei har og barnet sin alder og modning. Barns medverknad blir tatt omsyn til ved å:

- vera med å velje aktivitetar
- sjå godt etter korleis dei har det og kva dei ønskjer
- la dei vera direkte med å planleggja kva som skal skje i gruppene i det daglege

- Gjennom forståing og innleving
- Tolke non verbal og verbal kommunikasjon (særleg dei minste i barnehagen)

Dei kvardaglege aktivitetane tek mykje av tida i barnehagen. Me må vera klar over at det ligg mykje læring i det.

- kroppsleg aktivitet fremjar barnet sin eg-utvikling.
- språktrening skjer i dei fleste situasjonar i barnehagen som ved måltid, vask av hender, leikesituasjonar.
- erfaring får dei gjennom å hjelpa kvarandre, vente på tur m.m
- gjennom dette får barnet nytta sansane sine og gjere erfaringar som aukar sjølvkjensla

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova § 1 og 3.
(Rammeplanen s.27)



Tradisjonar og årshjul

Barnehagane er stengde på lovfesta offentlege heilag dagar og fridagar samt jule- og nyttårsafta. Onsdag før Skjærtorsdag stenger barnehagane kl.12.00. I løpet av barnehageåret held barnehagane stengt fem planleggingsdagar. Juli er betalingsfri måned.

Ikkje alle har full plass i barnehagen, og då er det slik at dersom eit arrangement fell på ein dag eit barn har fridag, så får ikkje barnet dette tilbodet (t.d. Lucia, Løvefest o.l.). **Unntak:**

- Alle barna får vera med på *Besøksdag for besteforeldre og Foreldrebesøk på Barnehagedagen*,
- Alle barna som skal over på storbarnshuset får vera med på avslutningsfest på småbarnsavd.
- Alle førskulebarna får vera med på *Eventyrfesten*.

Månad	Hending
August	15. Planleggingsdag (bhg er stengd) nr. 1 16. Oppstart av nytt barnehageår
September	12. Foreldremøte S- gjengen (Førskulebarna) <i>Leikeveke</i> Positiveke Brannveke Ambulanseveke
Oktober	v.41 Haustferie skule Besøksdag for besteforeldre <i>Leikeveke</i>
November	08. Planleggingsdag (bhg er stengd)nr. 2 <i>Leikeveke</i>
Desember	Lysfest Julevandring Lucia-feiring Nissefest <i>Leikeveke</i>
Januar	20. Planleggingsdag (bhg er stengd) nr. 3 <i>Leikeveke</i>
Februar	v.6 Sameveke, Samefolkets dag V. 9 Vinterferieveke (24.- 28. februar) Løvefest v.9 Vinterferie skule <i>Leikeveke</i>
Mars	11. Barnehagedagen 2025 (Foreldre/føresette vert invitert) <i>Leikeveke</i>
April	<u>Tema: Påske</u> Påskelunsj barnehage Påskevandring i kyrkja 16. Siste dag før påske (bhg. stengjer kl.12.00) 16.-21. april- Påske Overgangstrening (ute) for dei som skal byrja på det store huset. <i>Leikeveke</i>
Mai	<u>Tema:</u> 01. Fridag Foreldremøte (nye barn og barn som byrjar på storbarn)

	16. 17. mai feiring 29. Kristi himmelfartsdag 30. Planleggingsdag (bhg er stengd) nr 4 Overgangstrening (inne)for dei som skal byrja på det store huset. <i>Leikeveke</i>
Juni	9. 2. pinsedag. Bhg stengd Eventyrfest 20. Siste skuledag før sommaren Sykkeldager for førskulebarna <i>Leikeveke</i>
August	14. Planleggingsdag (bhg stengt) nr. 5

- **Bursdagsfeiring:** bursdagsbarnet er i fokus i samlingsstunda. Stor stas å feira bursdag!
- **Sykkelfri dag:** ein dag i veka er sett av til annleis og kreativ leik på Storbarnsavdelingane.
- **Overgangsmøte** i barnehagen for overføring av informasjon om dei som skal starta på stor avdeling, og møte saman med lærar for dei som skal over til skulen.
Me må ha samtykke frå foreldra for å dela opplysingar om enkeltbarn. *(Kommunen har laga ein plan for overgang mellom barnehage og skule. Rektor og styrar er ansvarlege)*
- **Besøk til skulen om våren** for førskulegruppa er spanande, og læraren blir invitert til å komma på besøk til oss. Elles går me ofte på tur og leikar på til skulen sitt uteområde.



Innhald i barnehagen

Likestilling i barnehagen

I barnehagen sin formålsparagraf står det at barnehagen skal fremja demokrati og likestilling. Rammeplanen seier mellom anna at likestilling mellom kjønn skal vise igjen i barnehagen sin pedagogikk. "Barnehagen skal oppdra barn til å møta og skapa eit likestilt samfunn" "Barnehagen skal bygga si verksemd på prinsippet om likestilling mellom kjønna" "Gutar og jenter skal ha lik moglegheit til å bli sett og høyrte og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen"

Fagområda

I Rammeplanen står det at me skal jobba med dei sju fagområda. Me har planlagde aktivitetar der me set fokus på eit eller fleire fagområde. Barna skal få kjennskap til og erfaringar med dei ulike fagområda. Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikla seg, læra og oppleva framgang. Barna skal få utfordringar som er tilpassa erfaringar, interesser, kunnskap og ferdigheiter. Det vaksne skal vera eit «støttande stillas» for barn, som lever og lærer i ein heilskap.

Fagområda i rammeplanen er; Kommunikasjon, språk og tekst, Kropp, rørsle, mat og helse, Kunst, kultur og kreativitet, Natur, miljø og teknologi, Mengd, rom og form, Etikk, religion og filosofi, Nærmiljø og samfunn (Rammeplanen, 2017).

Progresjon tyder at barna skal få utfordringar tilpassa deira erfaringar, interesser, kunnskap og ferdigheiter, og naturleg progresjon legg me til rette for gjennom å:

- følgja opp og utvida det barnet er opptatt av
- gi barna opplevingar som gir meistring, og samtidig tilby dei noko å strekkja seg etter
- leggja lagt til rette for fordjuping, repetisjon og gjenkjenning i innhald og arbeidsmåtar
- bevisst bruk av material, bøker, leiker, verktøy og utstyr

Mest for 1-2 åringane

Me set ord på handlingar og det me ser rundt oss. Gjentar og repeterer ord og omgrep Peikebøker og biletbøker. Enkle songar, gjerne med rørsle, eventyr, regler.

Barna får fysiske utfordringar inne / ute. Leik og aktivitet med ulike sanseøvingar. Tilbyr ei roleg stund òg for dei som ikkje søv. Øver på gode rutinar (handvask og dobesøk). Tema om kropp: auge, nase, munn, fingre, tær. Brukar rim og reglar, og songar med rørsle. Fokus på sunt kosthald og at måltidet skal vera ei god oppleving.

Barna får bruka sansane (sjå, føla, lytta, smaka). Blir kjent med fargane. Får estetiske opplevingar gjennom song, musikk, dans og teater. Har fellessamlingar. Bruker ulike musikk- og rytmeinstrument. Ser på prosessen som viktigare enn produktet.

Barna får læra om husdyr, kjæledyr, ville dyr. Får kjennskap til ulike kjøretøy

Barna møter enkle begrep: stor –liten, ein –mange, først –sist. Øver på å telja konkrete.

Øver på enkle puslespel.

Øver på å dela, venta på tur, og setja ord på følelsar

Bli trygge og kjende med rutinane. Turar i nærmiljøet.

Mest for 3-4 åringane

Me set ord på tankar, behov og følelsar. Snakkar med barna, stiller spørsmål. Bøker med meir tekst. Songar med fleire vers. Leik med språket, rimord og tulleord. Barna møter symbol, tal og bokstavar på avdelinga.

Barna får øva på fin- og grovmotorikk. Turar i nærleiken og lengre turar. Barna hjelper til med å laga mat, fokus på sunn mat. Øver seg på å klara seg sjølv, få gode rutinar med toalettbesøk, handvask.

Barna får teikna, mala og forma, prøva ut og eksperimentera med ulikt materiell. Har samling og fellessamling med song, musikk, instrument, eventyr. Utfaldar seg gjennom dans, song og musikk.

Me brukar naturmateriell i forming. Har årstider som tema. Går på handletur til drivhusa.

Får erfaring med fleire matematiske begrep, motsetnader, grunnformer og fargar. Øver på å byggja, setja i rekke, sortera. Øver på tal og teljing. Brukar spel, puslespel og verktøy som Snakkepakken og Mattepakken.

Øver på vennskap, kunna hjelpa, sjølvkjensle, empati og sjølvkontroll. Har tema følelsar og korleis me er mot kvarandre

Bli kjende med norske tradisjonar og med bygda vår. Læra om ulike yrke. Har rolleleik: familie, doktor, butikk, brannstasjon og politistasjon. Bli kjende med ulike familieformer og minoritetar som er representerte i barnehagen.

Mest for førskulebarna

Me les tekst. Øver på å kunna gjenfortelja noko frå eventyr/ bok. Øver på å kunna skriva namnet sitt, kjenna igjen lydar og rytme i språket, orddeling, og tal stavingar i ord. Tekstskaping, t.d. tankekart, skriva ned ting me har gjort, laga fortelling.

Øver på regelleik, ringleik, hoppa tau og strikk, risikofylt leik under trygge forhold, lengre turar.

Øver på å klippa, blyantgrep og pinsettgrep. Grensesetjing for eigen kropp. Ein bestemmer sjølv over eigen kropp! Øver på kva er rette klede til rett årstid.

Får erfaringar med ulike teknikkar og reiskap. Lærer songar, eventyr, rim og reglar, også fortellingar frå andre land. Blir kjende med musikkinstrument. Møter ulike musikksgangrar. Får vera med på Julevandring og Påskevandring i kyrkja.

Bli meir kjende med endringane i årstidene, blommar, fuglar, insekt og dyr. Får kjennskap til IKT. Har tema kjeldesortering, og kvifor det er viktig å ta vare på naturen. Får erfaring med teknologi konstruksjonsleik.

Møter begrep som skil mellom storleik, t.d. større enn, mindre enn, midt imellom. Øver på preposisjonar, på mål, vekt og tid. Øver på å byggja, sortera og klassifisera, mønster og samanlikning.

Lærer om kvifor me feirar høgtidene våre. Har tema filosofi, me nyttar verktøy som «Hei», «Grøne tankar – glade barn» etc). Øver på å løysa konflikhtar og utfordringar på eiga hand. Læra at Skjold er ei bygd i Vindafjord, i landet vårt Noreg. Læra om samane og deira levesett. Leggja til rette for ein god overgang til skulen.

Overgang barnehage – skule

Følg linken for å sjå overgangsplanen i Vindafjord kommune:

Henta frå: https://www.vindafjord.kommune.no/_f/p14/iacb820fc-5de8-4e08-a33a-fcf3b6dd769/overgangsprosedyrar-barnehage-og-skule-nov-2019.pdf

